

FRITT PALESTINA

MEMBERSHIP BLADE TO
PALESTINE COMMITTEE IN NORWAY

NR.2
2022





Intervju med Mads Gilbert om Gaza.

FRITT PALESTINA NR. 2/2022

- 03 LEDER
- 04 AKTUELT
- 06 NY VÆPNET MOTSTAND
- 12 INTERVJU MED MADS GILBERT
- 18 KUNST FOR REVOLUSJON
- 26 KONFERANSE I TRONDHEIM
- 28 UNGDOMSTUR
- 32 DRØMMEN OM PALESTINA
- 34 VALG I ISRAEL
- 36 NORGES ROLLE I PALESTINA
- 40 LIBANON
- 45 LOKALE AKTIVITER



Freedom Theatre i Jenin

FRITT PALESTINA

er medlemsbladet til Palestinakomiteen i Norge. Bladet sendes også til alle bidragsytere til innsamlingen Palestina-solidaritet og Palestinakomiteens fadderordning. Meningsinnholdet i artiklene er den enkelte forfatters ansvar og representerer ikke nødvendigvis Palestinakomiteen i Norges syn.

REDAKSJON:

Line Khateeb, ansv. redaktør
Henning S. Skjørsæter og
Line Snekvik, redaksjonssjefer
Birte Bødtker, Art Director

FORSIDE:

Vibeke Harper

LAYOUT:

Birte Bødtker

TRYKK:

Oslo Kongressenter/Servicesenteret

Redaksjonen for dette nummeret ble avsluttet 21. november 2022

Palestinakomiteen i Norge:

Frivillighetshuset,
Kolstadgata 1, 0652 Oslo
Telefon: 95 96 98 74
www.palestinakomiteen.no
Organisasjonsnummer:
984.688.172

KONTINGENTSATSER:

100 kr første året
VANLIG MEDLEM:
kr 500
REDUSERT KONTINGENT:
kr 250
UNGDOMSKONTINGENT:
kr 100
(frem til fylte 19 år)
FAMILIEKONTINGENT:
kr 500+200
(Kr 500 hovedmedlem + kr 200 pr ekstra medlem)

KONTONUMMER:

0530 28 03112

KJÆRE MEDLEM!

I denne utgaven av Fritt Palestina kan dere lese om ulike former for motstand i Palestina. Som et okkupert folk har de rett til å gjøre motstand mot okkupasjonsstyrkene og væpnede bosettere. Motstanden blir slått hardt ned av okkupasjonsstyrkene, som straffer familien til dem som er aktive eller stenger av en hel by. Både norske medier og utenriksministeren var stille da hundretusener av mennesker var under beleiring på Vestbredden i oktober, og 2,1 millioner er fortsatt innesperret på Gazastripen.

Mitt siste besøk til Palestina var etter valget av ny regjering i Israel. Folk jeg snakket med frykter konsekvensene av at ekstreme, religiøse sionister nå har fått makten i Israel. Inntil 25. oktober i år rapporterte FN om 459 tilfeller av skader på eiendom og 118 personskader som følge av angrep fra israelske bosettere. Bosetterne blir beskyttet av den israelske hæren og kan herje fritt, hva vil skje når de sitter i regjering?

Andre former for undertrykking fra okkupanteren er angrep mot palestinsk sivilsamfunn. I august ble syv palestinske organisasjoner raidet. Utstyr og dokumenter ble beslaglagt og kontorene stengt. Organisasjoner som jobber for barn og kvinners rettigheter, som bistår bønder med å dyrke jorden sin eller dokumenterer brudd på internasjonal lov, ble erklært ulovlig av Israels forsvarsminister. Palestinakomiteen har sammen med en rekke norske organisasjoner tatt opp saken med Utenriksdepartementet og stortingspolitikere. Norge må kreve at Israel opphever stemplingen av organisasjonene og lar dem jobbe fritt.

Hva gjør våre myndigheter når Israel bryter folkeretten og menneskerettighetene? Tidligere i år ble det innført krav om at varer fra ulovlige

«Når våre myndigheter tillater og overser Israels brudd på folkeretten blir de også medskyldige»



LINE KHATEEB
Leder

kolonier må merkes med opprinnelsesland, men de kan fortsatt selges i Norge. FNs sikkerhetsråd resolusjon 2334 slår fast at koloniene er et grovt brudd på internasjonal lov og må stanses. Et forbud mot varer fra ulovlige kolonier ville da vært riktig oppfølging. Når våre myndigheter tillater og overser Israels brudd på folkeretten blir de også medskyldige.

I august bombet den israelske hæren Gazastripen og drepte 35 mennesker, 17 av dem barn. På Vestbredden ser 2022 ut til å bli det dødeligste året i Palestina siden 2005.

Du som medlem kan gjøre en forskjell! Kontakt politikere og be dem ta opp Israels brudd på internasjonal lov. Engasjer deg i ditt lokallag eller verv en venn slik at vi blir flere som står opp og sier ifra. Bli med Palestinakomiteen på studietur til Palestina eller Libanon. Det er mange måter å engasjere seg på og gjøre en forskjell. 6000 medlemmer av Palestinakomiteen står i solidaritet med det palestinske folket. La oss fortsette å snakke om Palestina.

BETAL KONTINGENTEN MED AVTALEGIRO

Avtalegiro er det enkleste og det beste for miljøet. Kontingentkrav for 2023 blir sendt ut i januar.

Vi oppfordrer deg til å bruke AvtaleGiro. Når du betaler, svar ja på spørsmålet om du vil betale med AvtaleGiro. Automatisk trekk ser du i nettbanken din og du kan stanse trekket når som helst om du vil. Takk for at du bruker AvtaleGiro!



VI TRENGER NY PROSJEKTKOORDINATOR

Palestinakomiteen i Norge sender solidaritetsarbeidere til både Libanon og Palestina.

Vi setter nå i gang igjen med vårt solidaritetsprosjekt i Jayyous på Vestbredden, og trenger en ny koordinator som skal drive prosjektet sammen med koordinator Marte Olsen Svendal. Praktiske spørsmål om vervet

sendes til Marte Olsen Svendal:

marte_svendal@hotmail.com. Søknad sendes til nasjonal koordinator Morten Sortodden:

morten@palestinakomiteen.no.

Søknadsfrist 3. januar 2023.

For mer informasjon om vervet, les på palestinakomiteen.no/solidaritetsarbeid



SERIETIPS!

Serien *Mo* på Netflix er løst basert på hovedrolleinnhaver Mohammed Amers egne opplevelser som palestinsk flyktning uten oppholdstillatelse i USA. Vi følger Mos liv, hvor han slites mellom to verdener, strever med problemer rundt manglende oppholds- og arbeidstillatelse og kulturelle forskjeller knyttet til sin arabiske familie og kjærestens latino-bakgrunn – tema som nok er relevante for store deler av den palestinske diasporaen. *Mo* er både varm, trist, engasjerende og tidvis svært morsom, og har fått strålende mottakelse både av publikum og kritikere. *Mo* er den første serien av denne typen med palestinsk opphavsmann. Dersom serien faller i smak, kan vi også anbefale Mo Amers stand-up show *Mo Amer: Vagabond* på Netflix, samt hans arbeid i komikerkollektivet *Allah Made Me Funny*.

SPAR MILJØET: MOTTA BLADET PÅ E-POST!

*Er du medlem og ønsker å få tilsendt
bladet elektronisk istedenfor med post?*

*Send en e-post til
medlem@palestinakomiteen.no*

Visste du at vi har fått studentlag i Oslo, Trondheim og Bergen?




MIDTØSTEN-KONFLIKTEN FORKLART

En personlig fremstilling av Stein Torgersbråten

Torgersbråten er en tidligere diplomat med mange år bak seg i Midtøsten. Boka er en grundig gjennomgang av alle sider av konflikten fra den historiske bakgrunnen til dagens situasjon. Den vil være nyttig både for lesere som ønsker en oversikt og for dem som trenger å sjekke detaljerte fakta om alt fra sionismens røtter, de ulike krigene og de mange FN-resolusjonene, Oslo-avtalene, kampen om eiendom og vannressurser til alle de ulike aktørene som Hamas, PLO, PA, Likud, IDF eller Israel-lobbyen i USA, for å nevne noe. Boka er rik på kildehenvisninger for videre fordyping. Mer informasjon finnes på www.midtøsten-konflikten.no

KJØP PALESTINSKE JULEGAVER I ÅR

Vi oppfordrer alle til å ta en titt inn på butikkene Handala i Hollendergaten i Bergen og Al Quds på Grünerløkka i Oslo for årets julehandel. Våre plakater, nett og t-skjorter får du kjøpt på begge steder pluss masse fine palestinske varer. Du kan og handle på nett på palestinabutikken.no



VERV EN VENN!

I fjor nådde Palestinakomiteen ny rekord med 6000 medlemmer. Vårt arbeid er drevet av deres engasjement og støtte. Vi vil gjerne bli sterkere og enda flere som hever stemmen for palestinerne rettigheter. STØTT OSS- VERV EN VENN!



LØVER OG VULKANAR PÅ VESTBREIDDA

*Nye militante grupperingar veks fram
blant dei unge på Vestbreidda, i andre
formar og strukturar enn tidlegare.*

TEKST: ERLING SOGGE
ILLUSTRASJON: CARLOS LATUFF FOTO: NASSER ISHTAYEH OG ACTIVESTILLS

Frustrasjon over politisk stagnasjon har ført til framveksten av nye militante nettverk, som «Løvehiet» i Nablus — eit symbol på at det enno finst ei nasjonalrørsle som er i stand til å overskride fraksjonstenking og autoritære maktspele.

I 2021 var det krigen på Gazastripa og sivil motstand mot utkastningar i Aust-Jerusalem som skapte dei største overskriftene frå den palestinske verda. Sidan den gang har konfrontasjonen mellom palestinarane og den israelske okkupasjonen gradvis flytta seg til Vestbreidda, og blir leidd av nye militante nettverk i dei nordlege byane Nablus og Jenin.

Den 9. august tok israelske soldatar seg inn i gamlebyen i Nablus og opna eld mot ei leilegheit der fleire ettersøkte palestinarar hadde forskansa seg. Tre vart drepne i skotvekslinga, deriblant ein attenåring med namn Ibrahim al-Nabulsi. Sistnemnde var mistenkt for å leie eit lyssky nettverk av militant ungdom, som den israelske hæren meinte hadde stått bak ei rekke åtak mot israelske soldatar og jødiske settlarar dei siste få månadane (RT 2022). Medan «martyren» al-Nabulsi vart hylla i sin død som «Løva frå Nablus», tok gruppa hans namnet Løvehiet (ʿArin al-usud). På kort tid vart dei militante ungdommane frå Nablus eit nasjonalt fenomen.

På internett dukka det opp songar, logoar med løver og maskingevær, videoar, medan kunnjingane deira blei delt og spreidd hyppig. Løvehiet og liknande grupper har forsøkt å etablere seg som talerøyr for ein generasjon av frustrert palestinsk ungdom. Dei har også lagt betydeleg press på den politiske eliten på Vestbreidda i og med at Nablus er definert som eit «A-område,» der palestinske sikkerheitsstyrkar (på papiret) har ansvaret for lov og orden. Medan leiarskapen i Den palestinske autoriteten (PA)

vart kritisert for å sitte på sidelinja under dei ovannemnde hendingane i Gaza og Aust-Jerusalem, er ikkje dette lenger mogleg. Møtet mellom den militante grasrota og den politiske eliten på Vestbreidda gir eit bilete på spenningar som har prega den palestinske nasjonalrørsla sidan Oslo-avtalen. La oss begynne med ein oversikt over sistnemnde.

ARVEN FRÅ OSLO

Oslo-avtalen, som vart underteikna av den israelske statsministaren Yitzhak Rabin og PLO-leiar Yasser Arafat i 1993, sette ein stoppar for Den første intifadaen; det massive folkeopprøret som hadde rasa mot den Israelske okkupasjonen av Gaza, Vestbreidda,

og Jerusalem sidan 1987. Fredsforhandlingane la til rette for at delar av PLO-leiarskapen, som hadde vore basert i eksil, kunne dra til heimlandet for å

opprette ein midlertidig kvasi-statleg administrasjon (PA), som begynte å ta kontroll over palestinske majoritetsområde mellom 1994-95. Frigjeringskampen til PLO vart dermed underordna PAs statsbyggingsprosjekt, som inkluderte sikkerheitskoordinasjon med Israel. På same tid byrja Fatah—den leiande palestinske rørsle—på ein vanskeleg overgang frå ▷

«For mange palestinarar er nok løvene i Nablus eit symbol på at det enno finst ei nasjonalrørsle»



ERLING LORENTZEN SOGGE

har doktorgrad i Midtaustenstudiar frå Universitetet i Oslo, og er aktuell med boka *The Palestinian National Movement in Lebanon: A political history of the 'Ayn al-Hilwe camp* (I.B. Tauris 2021).

væpna geriljarørsle til politisk parti. PA skulle danne grunnlaget for ein framtidig palestinsk stat, men dette var enklare sagt enn gjort.

Den palestinske administrasjonen mangla suverenitet over grenser og økonomi, og var avhengig av vestleg og arabisk donorstøtte for å betale lønningar. Medan Oslo-prosessen ikkje gav nokon garanti for nasjonal sjølvråderett for det palestinske folket, gav han Arafat, som var leiar for både Fatah og PLO, økonomiske og politiske middel til å kue opposisjonen.

Den nye palestinske eliten knebla sivilsamfunn, etablerte monopol og dreiv økonomiske kartell. Samtidig vart makta i Fatah, PLO og PA samla i eit knippe hender. Dette sette leiarskapen på kollisjonskurs mot den yngre garden i nasjonalrørsla, som hadde vore svært skeptisk til Oslo-avtalen frå starten (Shikaki 2002).

Mot slutten av 1990-talet hadde flyktningleirane i Nablus og byen Jenin nokre kilometer lenger nord utmerka seg som senter for opposisjonsstrømingar på Vestbreidda. Desse kritiserte PA-eliten for å berike seg på donorpenngar og for å undergrave frigjeringsagendaen til nasjonalrørsla (Kershner 2005). Da fredsprosessen braut saman og dei palestinske områda eksploderte i eitt nytt opprør, kjend som Den andre intifadaen (2000-05), tok nokre av desse aktørane del i å danne militante nettverk slik som dei Fatah-tilknytte al-Aqsa martyrbrigadane. Desse var støtta materielt av ei brokete samling palestinske politikarar og angrep ei rekke israelske sivile og militære mål (Sogge 2021). I same periode beleira den israelske hæren Nablus og Jenin, teppebomba flyktningleirane, og forårsaka store skadar. Referansen til Nablus som eit «løvehi» skal stamme frå kampane som blei utkjempa da Israel hørtok gamlebyen i «Operation Defensive Shield» i april 2002 (Farsang 2022).

Etter at Arafat døydd i 2004, tok Fatah-veteranen Mahmud Abbas over styringa av PLO/PA. Med vestleg og arabisk donorstøtte skulle han få PA tilbake på føtene, restaurere øydelagt infrastruktur, og etablere lov og orden i dei

palestinske områda. Medan den nye administrasjonen annonserte at desse stega var vegen til «nasjonal frigjering,» (Haddad 2016) var den politiske eliten i realiteten ute av stand til å utfordre det vedvarande israelske militære nærværet og det stadig veksande talet på jødiske busettingar i det som skulle vere palestinske sjølvstyreområde. Og medan sentrale donorar slik som USA og EU oppfordra PA til å slå hardt ned på irregulære palestinske militær og oppretthalde sikkerheitskoordinasjon med

«I staden for å krige mot okkupasjonen krigar vi mot oss sjølve»

Israel, var ikkje krava til demokratisk reform like rigide. I skrivande stund sitt Abbas enno trygt ved makta sjølv om presidentperioden hans gjekk ut for tretten år sidan. I forskinga er det brei einigheit om at den donor-finansierte politiske økonomien til PA har lagt grunnlaget for eit gradvis meir autoritært palestinsk styre som i liten grad står til ansvar for si eiga befolkning og som nyttar sikkerheitsstyrkar til å slå ned på opposisjonen (Haddad 2016, Tartir 2017, El Kurd 2019).

Sistnemnde vart spesielt tydeleg etter at eit forsøk på å danne ei palestinsk einingsregjering kulminerte i at Hamas tok makta på Gazastripa i 2007. På Vestbreidda sette Abbas-administrasjonen i gong ein storstilt sikkerheitskampanje for å knekke den islamistiske rivalrørsla, og fengsla sympatisørar over ein låg sko (Leech 2016). I Nablus-regionen kom etter kvart PAs sikkerheitsstyrkar også på kant med tidlegare al-Aqsa-brigadar som i mellomtida hadde alliert seg med konkurrentar av Abbas i Fatah-apparatet som var ivrige etter å utnytte den aukande misnøya med leiarskapen hans.

Under ein månads opphald i flyktningleiren Balata i Nablus i 2019, erfarte eg desse spenningane på nært hald. Eg intervjuar ulike Fatah-høvdingar som konkurrerte om å bygge sine personlege militær anten i forlenging av Abbas' styre eller mot han. Frå tid til annan barka desse saman i væpna samanstøyt (Sogge 2022). Og medan palestinske og israelske sikkerheitsstyrker raida leiren vekentleg, hadde frustrert ungdom gjort eit ritual ut av



Ein maskert medlem frå Løvehiet deltar i gravferda til fem menn som vart drepne av Israel under eit raid i gamlebyen i Nablus 25.oktober. Foto: Nasser Ishtayeh/Flash90

å kaste stein på begge partar (Sogge 2019). «Her ser du resultatet av 'Oslo',» kommenterte ein tidlegare medlem av al-Aqsa-brigadane under eit møte med undertekna. «I staden for å krige mot okkupasjonen krigar vi mot oss sjølve.» Her kan det verke som dei nye væpna gruppene på Vestbreidda markerer ei endring.

VULKANEN VAKNAR

Dei etablerte palestinske politiske gruppene har både konkurrert om å ta ansvaret for dei nye væpna gruppene i Nablus og Jenin, og skulda rivalar for å stå bak dei (Abu Toameh 2022). Israel har hardnakka hevda at Hamas er ein hovudsponsor (Melhem 2022). Det er enno tidleg å dra konklusjonar; vi veit ikkje kvar store desse rørslene er, i kva grad dei har ein organisatorisk struktur, eller korleis dei rekrutterer medlem. Nokre ting kan vi likevel seie. Etter alt å dømme består dei av unge menn (frå tenåra til trettiåra) som finn saman på tvers av ideologisk forankring, er frustrerte over

«Eit frekvent tema er vulkanen som symbol»

den politiske elitens passivitet, og deler eit ønskje om å konfrontere den israelske okkupasjonen og jødiske busettingar med vald. Det kan også verke som tanken om å hemne falne vener også har vore ein motiverande faktor. Jenin-brigaden, for eksempel, skal ha blitt danna i kjølvatnet av at IDF invaderte Jenin-flyktningleiren for å arrestere ettersøkte medlem av Palestinske Islamske Jihad (PIJ) i juni 2021. Episoden enda med fleire drepne, inkludert to medlem av palestinske sikkerheitsstyrkar og ein 23-år frå PIJ med namn Jamil 'Amuri. Etter dette tok fleire av 'Amuris vener opp våpen for å kjempe mot okkupasjonsmakta (Abraham 2022). Dette inkluderte også personar utan nokon form for tilknytning til PIJ. «Det er på høg tid at PA og okkupasjonen anerkjenner at det ikkje er nokon måte å stoppe ungdommen her frå å bruke alle middel,» fortalde ein medlem av dei Fatah-tilknytte al-Aqsa-brigadene i Jenin-leiren til pressa i august 2022. «Det er derfor vi her i denne leiren arbeidar saman: Hamas, Islamske jihad, Abu Ali Mustafa-brigadane (den væpna vingen ▷

til PFLP) og alle som er villige til å forsvare leiren» (sitert i AbulKarim & Hatuwa 2022).

Løvehiet, som har base i gamlebyen i Nablus, skal også ha blitt danna for å hemne falne vener, og er tilsynelatande organisert av personar med laus tilknytning til Fatah, PIJ, Hamas, PFLP osv. (Adra 2022). Det er sannsynleg at dei har motteke

materiell støtte frå dei etablerte fraksjonane, for eksempel Hamas og PIJ, eller al-Aqsa-brigadane (Fatah) gjennom personlege kontaktar. I følgje palestinsk og isra-

elsk presse skal Løvehiet vere i stand til å utvikle improviserte bomber og ha eit betydeleg arsenal av våpen (Caspit 2022, Melhem 2022).

I følgje den palestinske skribenten Younis Tirawi, kommuniserer Løvehiet for det meste gjennom sosiale media, der gruppa sine kommuniké blir spreidd av tusenvis av følgjarar på ei rekke ulike plattformer (Tirawi sitert i Farsang 2022). Nokre av kommunikea har oppfordra palestinarar til kollektiv motstand og generalstreikar mot okkupasjonsmakta, medan andre har vore meir kryptiske. Eit frekvent tema er vulkanen som symbol. Fleire kommuniké nemner «den brennande motstandsvulkanen som ikkje vil bli sløkt.» (2022 ده اشعل) I følgje Tirawi, kan bruken av vulkan som symbol bli tolka som ei oppfordring til å samle unge palestinarar i kamp mot okkupasjonen der dei er, og at deira valdelege metodar bør kopierast av andre (Farsang 2022). Jamvel om Nablus og Jenin er hovudbasen til dei nye gruppene, skal små militante celler eller «støttenettverk» også finnast i Tulkarem, Tubas, Ramallah og sørover på Vestbreidda, i Aust-Jerusalem og andre stader (al-'Arabi al-Jadid 2022).

PALESTINIAN AUTHORITY UNDER PRESS

Dei palestinske væpna gruppene har i liten grad prega den israelske valkampen som tok slutt 1. november, og har ikkje vore eit stort tema i israelsk presse (Viner 2022). På den andre sida er det liten tvil om at desse aktørane har vore ein byrde for palestinske styresmakter som er ansvarlege for lov og orden på delar av Vestbreidda.

Etter at Løvehiet tok på seg ansvaret for drapet på ein israelsk soldat 11. oktober, stengte den israelske hæren av Nablus by. Blokaden, som vedvarer i skrivande stund, har gjort det vanskeleg for arbeidsfolk å komme inn og ut av området, og dette tærer på næringslivet i den sentrale handelsbyen. Samtidig som den isra-

elske hæren har pressa PA til å arrestere og stoppe dei væpna gruppene, har slike konfrontasjonar understreka det veksende gapet mellom myndigheiter og befolk-

ning i Nablus. I slutten av september førte PAs brutale arrestasjon av 30-åringen Mus'ab Shtayye—ein Hamas-medlem tilknytt Løvehiet—i samanstøyt mellom lokalbefolkning og palestinske sikkerheitsstyrkar (Melhem 2022).

PA-leiarskapen kjenner nok også presset frå eigne rekker. Etter at IDF drap Løvehiet-leiar Ibrahim al-Nabulsi i august—som var son av ein palestinsk sikkerheitsoffiser—retta fleire Abbas-lojalistar (implisitt) kritikk mot PA og tostatsløysinga generelt (Kingsley 2022). Nokre ytra at dei ikkje lenger hadde kapasitet til, eller interesse av å legge lokk på raseriet til ungdommen. Unge palestinarar «ventar ikkje lenger på avgjerda til deira leiarar,» uttala den kjende Fatah-veteranen Taysir Nasrallah frå Nablus-området til pressa i august: «Vi fortalde dei at Oslo ville gi oss ein stat, redusere busettingar, og vinne tilbake Jerusalem [...] Men busettingane har auka, Jerusalem er omringa. Korfor skulle dei høyre på oss?» (Sitert i Kingsley 2022).

STERKT SYMBOL , SVAK ORGANISASJON

I palestinsk historie finst det fleire eksempel på at væpna kamp har hatt ein samlande effekt. På sekstitalet og utover skapte PLOs væpna kamp frå Libanon, Jordan og Syria kanalar for massedeltaking som gjorde det mogleg å samle ein geografisk splitta diaspora i den nasjonale strida mot Israel (Sayigh 1997). Denne mobiliseringa ville naturlegvis vere umogleg utan robuste organisatoriske strukturar som kunne absorbere massane. Det er verd å nemne at da den nasjonale strida nådde dei okkuperte pales-

«I palestinsk historie finst det fleire eksempel på at væpna kamp har hatt ein samlande effekt»

tinske områda mot slutten av 1980-talet, var det ikkje trugselen om vald, men velkoordinert sivil ulydigheit, vedvarande streikar, og eit urokkeleg palestinsk samhold som pressa okkupasjonsmakta til forhandlingsbordet (Khalidi 2020).

Leiारlause opptøyar, på den andre sida, har ein tendens til å bli kortvarige affærar. I ein fersk artikkel om «kniv-intifadaen» som rasa i dei palestinske områda mellom 2015-16, viser Midtaustenvitar Erik Skare korleis eksplosive utbrot av vald sjeldan dannar grunnlag for breiare politisk mobilisering (Skare 2022). I fråværet av pålitelege organisasjonar blir brei folkeleg deltaking vanskeleg å koordinere, og opptøyane dør ut etter nokre kraftige bluss. Det gjenstår å sjå om dei nye militisgruppene på Vestbreidda bør tolkast som eit brot med, eller som nok eit ledd i ei langt rekke «isolerte utbrot av misnøye», for å sitere Skare.

Trass i all merksemda grupper som Løvehiet har fått den siste tida, har dei til gode å klare å mobilisere dei palestinske massane til ein konfrontasjon med Israel. Tvert om har deira bruk av vald ført til ei rekke israelske attentat, der leiarskikkelsar har vorte avretta ein etter ein.

25.oktober, storma israelske sikkerheitsstyrker det som skal vore skjulestaden til gruppa i gamlebyen i Nablus. Blant fleire drepne var Wadi' al-Huh; ein 31-åring som i løpet av få veker hadde blitt kjend som den nye leiaren for gruppa (Abu Toameh 2022). Etter episoden skal ei rekke sentrale medlem ha overgitt seg til PAs sikkerheitsstyrkar på løftar om rettferdig behandling. «Alle desse gruppene er bygd rundt nokre sterke personlegdommar som er karismatiske og er i stand til å leie sine vener i kamp,» fortalde ei informert ven av forfattaren frå Nablus-området: «Når Israel fjernar desse, står det ikkje mykje att.»

Inntil vidare kan det verke som om Løvehiet har vore viktigare som symbol enn organisasjon. For mange palestinarar er nok løvene i Nablus eit symbol på at det enno finst ei nasjonalrørsle som er i stand til å overskride fraksjonstenking og autoritære maktspele, altså som ikkje er demobilisert og splitta. Dei nye væpna gruppene illustrerer også korleis tiår med politisk stagnasjon kan føre til nihilistisk militant tenking.

Ein overveldande majoritet palestinarar trur ikkje lenger på ei tostatsløyninga med Israel. I september 2022 spurte ei spørjeundersøking frå dei okkuperte områda kva som skulle til for å komme ut av den fastlåste situasjonen. Medan eit klart fleirtal føretrakk internasjonalt diplomati eller «ikkje-valdeleg motstand», støtta heile 48 % (38 % på Vestbreidda og 62 % på Gazastripa) tanken om å vende tilbake til væpna konfrontasjonar og ein ny intifada (Palestinian Center for Policy and Survey Research 2022). Om det internasjonale samfunnet sviktar palestinarane og ikkje-valdeleg motstand ikkje fører fram, kan det brått hende at det tredje alternativet står igjen som det einaste. Det burde også vere eit tankekors for Noreg som donornasjon. 🇮🇸

Full referanseliste finnes i nettversjonen som ligger på www.palestinakomiteen.no



Aukande oppslutning kring væpna motstand.

Mads Gilbert sammen med kollega på Shifa-sykehuset under israelsk bombing i 2014.



15 års blokade av **GAZA**

Femten år med israelsk blokade og beleiring av Gaza har gjort situasjonen for de over to millioner palestinske innbyggerne ekstrem og uholdbar. Vi tok en prat med Mads Gilbert for å få siste nytt.

TEKST: BIRTE BØDTKER FOTO: MADS GILBERT

Hverdagen går sin gang i Gaza tross den konstante usikkerheten om når neste bombing skjer.



Du har nylig kommet hjem fra Gaza. Hvordan står det til med dine kolleger og venner der?

– Mine kolleger i Gaza sier det er rolig nå, men at de har «gått på glass» i påvente av at det israelske valget 1.november skulle være over. «Alle statsministerkandidater må jo bombe Gaza litt under valgkampen», bemerket en. Mange mener også at Gaza blir brukt som et tåketeppe for å holde verdens oppmerksomhet borte fra det som nå skjer på Vestbredden. Med fokus på Gaza gjennom gjentatte bombeangrep der kan okkupantene rykke sakte, men sikkert frem i koloniseringen av Palestina på Vestbredden, uten at det merkes like godt i media. De fleste jeg snakker med frykter at Gaza igjen skal bombes når det er uroligheter og økende militant motstand på Vestbredden.

Palestinerne i Gaza prøver selvsagt å leve så vanlige liv som mulig, de prøver å gå på skole, de få som har jobb går på jobb, det er mat i noen butikker og de som har penger får tak i mat – og kan betale skolepenger på universitetene. Mange er nå også opptatt av Vestens markante dobbeltmoral: Ukrainske

« Det mangel på alle de tingene vi tar for gitt i våre daglige liv her i Norge»

motstandsfolk som gjør rettferdig motstand mot russisk okkupasjon er helter mens palestinere som gjør rettferdig motstand mot israelsk okkupasjon er terrorister. «Plutselig, over natta, ble boikott, sanksjoner og desinvesteringer helt aksepterte midler i kampen mot (den russiske) okkupanten, men når vi palestinere krever det samme av Vesten møtes vi med at 'vi må ha dialog' og 'fredsprosess'», sa en ung palestinsk student.

Generelt er det mangel på alle de tingene vi tar for gitt i våre daglige liv her i Norge: Sikkerhet, mat, vann, strøm og en trygg bolig, trygt og lønnet arbeid, utdanning og et helsevesen med kapasitet og nødvendige spesialisttilbud. Arbeidsledigheten er skyhøy, spesielt blant Gazas ungdom. Syv av 10 familier trenger hjelp for å overleve (se faktaboks). Reint drikkevann og stabil strøm er det ekstrem mangel på. Alt dette skyldes kort-siktige og langsiktige effekter av blokaden og okkupasjonen, en menneskeskapt katastrofe for Gazas næringsliv, både landbruk, fiske og annen produksjon. De får heller ikke eksportere de få varene de produserer. ▷

Et godt eksempel kom fra en palestinsk bonde jeg møtte i Gaza i sommer. Han ba meg ta med en liten pose tomatstilk ut av Gaza. – Hvorfor det? spurte jeg. – Jo fordi okkupantmakta pålegger oss å fjerne tomatstilkene før vi får lov til å eksportere tomatene vi dyrker. Tar man stilkene bort, ja da sprekker og råtner tomaten mye fortere, svarte han. Dette er ett av mange eksempler på hvor utspekulert sadistisk okkupasjonen og blokaden tyner palestinerne. Det finnes mange slike eksempler som ikke har noe med sikkerhet å gjøre. Målet er nok å gjøre livet så uutholdelig og vanskelig som mulig for de okkuperte.

Eller ta et annet eksempel: Dersom du er så heldig å få utreisestillatelse fra Gaza, er det – vel og merke for palestinerne - en lang liste over ting du ikke får ta med deg ut gjennom den strengt bevokta israelske kontrollstasjonen Erez som er eneste inn/utgang fra Gaza til Israel: Lader til mobil (du kan ta med ledningen, men ikke laderen), powerbank, all elektronikk, laptop, kamera, tannpasta, shampo, makeup, parfyme, mat, alt flytende i boks, flaske eller tube, maks to par sko (inkludert de du går i), og ikke koffert med hjul, kun det du kan bære. Du kan selvsagt ikke reise når du vil, men må vente på lov til å dra. Det er så mange lag av ydmykelse. Livet skal åpenbart gjøres så surt som mulig.

Hvordan var Gaza før blokaden? Hvordan var livet der for 15 år siden?

– Før blokaden jobbet mange palestinere fra Gaza i Israel, og mange familier hadde et rimelig inntektsgrunnlag. Kombinasjonen av manglende mulighet på arbeidsmarkedet, ødeleggelse av Gazas infrastruktur som følge av all den systematiske bombingene de siste 15 årene, eksportforbud og få produksjonsmuligheter gjør at økonomien er kvalt. Det er lett å merke den store forskjellen fra før blokaden. Nå har Israel imidlertid igjen begynt å åpne opp for å gi arbeidstillatelser til Gaza-palestinere som vil – eller må – jobbe i Israel eller på Vestbredden. Men, dette brukes også som en straff når det skjer noe i Gaza eller på Vestbredden. Da reduseres straks antallet slike tillatelser og familienes

økonomi rammes direkte. Så, istedenfor å bombe skrur de igjen på arbeidstillatelsene. Oppfatningen i Gaza er at de gjør dette for å skape motsetning til den sittende regjeringen i Gaza, slik at de skal få skylden om folk ikke får dra på jobb i Israel og familienes økonomi ytterligere forverres. Gaza er på sett og vis «mer Palestina» enn Vestbredden siden de israelske koloniene og okkupantene forsvant i 2004. Inne i Gaza er det på en måte *Little Palestine*. Alt er palestinsk. Palestinske politimenn, palestinske flagg overalt. Du kan bevege deg fritt og du møtes med vennlig gjestfrihet og stor glede over alt som heter solidaritetsarbeid. I motsetning til på Vestbredden og Jerusalem, ser du hverken okkupasjonsmaktens soldater eller de væpna «bosetterne» (som jo legalt sett er okkupanter). I Gaza hører du riktignok det konstante bråket fra de israelske dronene døgnet rundt, ofte også jagerflyene, og du ser israelske kanonbåter på havet som jager – og ofte beskytter og dreper - palestinske fiskere, men generelt har du

en følelse av å være i Palestina. Det er ganske fint, men selvsagt ser du fattigdommens ansikt overalt, og du kjenner en tydelig utmattelse og tristesse blant folk flest. Det er blitt vanlig med tiggere. Det så man aldri før. Og

så ser man at det er økende forskjeller i samfunnet som så mange steder i verden.

« Det skulle selvfølgelig vært innført sanksjoner på lik linje med de vi nå fører mot Russland »

Hva bør Norge gjøre? Hva kunne de gjort annerledes?

– Det har nå vært 15 år med en folkerettslig helt ulovlig, brutal kollektiv avstraffelse av en sivilbefolkning som ikke har gjort noe annet galt enn å være født palestinere i Gaza. Norge og regjeringen burde vært en ledende internasjonal kraft i kampen mot den brutale blokaden. Det skulle selvfølgelig vært innført sanksjoner på lik linje med de vi nå fører mot Russland. Venstresiden i norsk politikk burde vært mye mer aktive og satt blokaden på dagsordenen. Utenriksminister Huitfeldt burde for lengst innkalt den israelske ambassadøren på teppet og krevd at blokaden av Gaza heves umiddelbart. Norge er valgt inn i FNs sikkerhetsråd for 2021 og 2022, og har flagget «beskyttelse av sivile» som ett av

fire topprioriterte satsingsområder for arbeidet. På regjeringens hjemmesider sies det at «Norge vil arbeide for beskyttelse av sivile, inkludert barn, med utgangspunkt i humanitærretten og menneskerettighetene», men regjeringen har overhodet ikke hevet stemmen i forhold til at den illegale israelske blokaden og beleiringen av Gaza nå har vart i 15 år! Her har Norge dessuten et særskilt ansvar siden vi var så tett knyttet til den forferdelige Oslo-avtalen, som har blitt en svøpe for palestinerne og som overhodet ikke er fulgt opp av Israel. Vi har et særskilt moralsk og historisk ansvar for å stoppe koloniseringen av Palestina, blokaden av Gaza, undertrykkningen og den systematiske mishandlingen av det palestinske folket. I redegjørelsen for Stortinget 5.januar i år om Norges medlemskap i FNs sikkerhetsråd 2021-2022, snakket utenriksministeren om «den israelsk-palestinske konflikten», og sa at «her har vi spilt en aktiv rolle og bidratt til omforente løsninger i rådet». Men dette er ikke en vanskelig «israelsk-palestinsk konflikt», dette er en vanskelig og fullstendig uakseptabel israelsk okkupasjon og en folkerettsstridig, ensidig israelsk beleiring og blokade av Gaza. Palestinerne som lever under den israelske okkupasjonen og blokaden har uansett ikke sett noen konkrete resultater av Norges medlemskap i Sikkerhetsrådet. Dessverre.

Hva er de største behovene innbyggerne i Gaza har?


– Jeg spør alltid vennene mine om jeg skal ta med noe. «Anything I can bring for you and your family?» spurte jeg en av mine nære venner. Svaret kom kontant: «Freedom, please.» Mer humanitær hjelp løser ikke problemene i Gaza. Blokaden, beleiringen, bombingene og okkupasjonen må ta slutt! Palestinerne kan klare seg helt utmerket selv. Femten år med blokade har gjort dem ekstremt kreative. De behøver ingen navlesnor ut i verden hvis de grunnleggende forutsetningene frihet, rettferdighet og nasjonal selvstendighet er oppfylt. Så kan de selv bygge sine samfunnsstrukturer på en demokratisk og fin måte. Jeg kommer ikke med en liste over hva slags fødemidler eller anestesimidler de trenger. Vi kan gi dem det, men det er bare lindrende. Det løser ikke det grunnleggende problemet som er okkupasjonen og blokaden.



En Gaza-bonde viser frem tomater han må fjerne stilkene på før han får eksportere ut av Gaza. Uten stilk sprekker og råtner tomaterne raskt.



En gjestfri liten sjarmør i fattige Zaytoun (2018).



Det eneste pustehullet i Gaza er stranda og havet. Mange tar turen til havna i Gaza by for å se mot solnedgangen.





Dyktige lokale proteseteknikere på Proteseverkstedet i Gaza (Artificial Limbs and Polio Center).

Hva kan vi i Palestinakomiteen og folk her hjemme gjøre for å støtte folk i Gaza?

– Få flere med i det organiserte arbeidet! Snakk med naboen, arbeidskolleger, medelever og medstudenter! Driv politisk arbeid lokalt, jobb med fagforeninga di, etabler vennskapsbyer, inviter palestinere til å fortelle om situasjonen sin og kanskje aller viktigst av alt: Reis sjøl til Palestina eller til flyktningleirer i Libanon og Jordan. Dra dit, se med egne øyne! Bli venner med palestinere. Drikk mye te og hør på fortellingene deres og se med egne øyne apartheidregimet de lever under. Opplev brutaliteten. Den rasistiske ydmykelsen. Og har du vært der før, dra på nytt. Vis at du ikke har glemt dem og at du står skulder ved skulder med dem. Det har en enorm oppmuntrende kraft og en enorm moralsk kraft. Det tilstedeværende solidaritetsarbeidet er så viktig. Men det aller viktigste vi gjør i Norge er å kreve at den norske regjeringen klart og tydelig endrer politikk og støtter

palestinerne, hever blokaden og får slutt på det israelske koloniseringsprosjektet. Dessverre er det ikke enkelt å få innreisettillatelse, men det er fullt mulig å få venner via sosiale medier og andre nett, og for eksempel ha en «adoptivfamilie» i Gaza som en snakker med på videosamtale med regelmessige mellomrom.

Israel er flink til å jule og drive systematisk propaganda med en konstant strøm av falske påstander, løgn og tåkelegging slik at verden ikke skal vite hva de driver med. Det er derfor jeg sier at folk må reise, se selv! Det er en økende støtte til palestinerne. USA og Israel kan ikke lenger skjule hva som skjer. Alt kommer ut på sosiale medier med en gang. Brutalitet kommer raskere og mer direkte til syne nå. Det har også endret hvordan vi snakker om Palestina og Israel. Før var det farlig for Israel med Goldsteinrapporten, så kom BDS, etter det var likheten mellom antisjonisme og antisemittisme på dagsorden. Nå er kolonisering, bosetting og apartheid ordene Israel

